



**TELEMARK UTVIKLINGSFOND  
TUF**

## Årsmelding for 2011

**TELEMARK UTVIKLINGSFOND**



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## INNHOLDSFORTEGNELSE

<b>1.</b>	<b>PARTAR I FORETAKET .....</b>	<b>3</b>
<b>2.</b>	<b>ORGANISASJON .....</b>	<b>3</b>
2.1.	Styret for 2011 har hatt følgende medlemmar: .....	3
2.1.1.	Styret frå 01.01. til 01.10. ....	3
2.1.2.	Styret frå 01.10. til 31.12. ....	3
2.2.	Dagleg leiar/sekretær: .....	4
2.3.	Revisor: .....	4
2.4.	Regnskapsfører .....	4
<b>3.</b>	<b>STYRETS ARBEID .....</b>	<b>4</b>
<b>4.</b>	<b>LØYVINGAR GITT AV STYRET I 2011.....</b>	<b>4</b>
4.1.	Regionalt samarbeid i kraftkommunane .....	4
4.2.	Tiltak som fylkeskommunen tidlegare har støtta årleg .....	5
4.3.	Løyvingar til Telemark Fylkeskommune .....	5
4.4.	Telemark 2.0 .....	5
4.5.	Telemarks historie .....	6
4.6.	Kunstinstallasjonen Utkikkstårn i Seljord .....	6
4.7.	Vest Telemark Museum .....	6
4.8.	Krossobanen aktivitetssenter .....	6
4.9.	Rec Wafer Norway AS .....	6
4.10.	Telemark som olympisk øving .....	6
4.11.	Bedriftshistorisk samling Notodden .....	7
4.12.	Mindre løyvingar for 2011 .....	7
4.13.	Løyvingar gitt i 2011 belastas frå 2012 inntekter .....	8
4.13.1.	Bok og Blueshus Notodden .....	8
4.13.2.	Kragerø Kunstskole .....	8
<b>5.</b>	<b>ØKONOMI.....</b>	<b>8</b>
<b>6.</b>	<b>BUDSJETT 2012 .....</b>	<b>9</b>
<b>7.</b>	<b>HONORAR – LØN .....</b>	<b>9</b>
<b>8.</b>	<b>ETISKE RETNINGSLINER.....</b>	<b>9</b>



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 1. PARTAR I FORETAKET

Telemark Utviklingsfond (TUF) er oppretta av dei 8 kommunane Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje samt Telemark Fylkeskommune.

Drift og organisering av TUF er basera på ny avtale om disponering av konsesjonskraft signert den 9. desember 2009 og gjeldande frå 01.januar2011. Samt eigne vedtekter godkjent av alle partar.

TUF er ikkje eit eige rettssubjekt, TUF er organisera som eige styre under Telemark Fylkeskommune med Reg.nr 940 192 226MVA. TUF har kontoradresse: Fylkeshuset 3715 Skien.

## 2. ORGANISASJON

Styret er på fem medlemar og følgjer valperioden for kommunane og fylkeskommunen. Det skal veljast personlege vara medlemar. Fire av medlemmane skal veljast av fylkestinget og ein veljast frå dei åtte avtale kommunane.

Det er ikkje hensiktsmessig for styrearbeidet å bytte styremedlemar dei siste to månadene i eit år. Styret har vedteke at frå neste val så tiltrer det nye styret frå fyrste årsskifte etter val. I 2011 har TUF vært leia av to styre.

### 2.1. Styret for 2011 har hatt følgjande medlemmar:

#### 2.1.1. Styret frå 01.01. til 01.10.

<i>Gunn Marit Helgesen</i>	<i>leiar</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Lars Bjådal</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Thorleif Vikre</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Jørund A. Ruud</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Olav Urbø</i>	<i>medlem</i>	<i>Tokke kommune</i>
<b>Vara medlemmar:</b>		
<i>For Gunn Marit Helgesen</i>	<i>Karin Solberg Mathisen</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Lars Bjådal</i>	<i>Kristian Espeland</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Thorleif Vikre</i>	<i>Gry Anette Rekanes Amundsen</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Jørund A. Ruud</i>	<i>Sigbjørn Molvik</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Olav Urbø</i>	<i>Olav Tho</i>	<i>Hjartdal kommune</i>

#### 2.1.2. Styret frå 01.10. til 31.12.

<i>Terje Riis Johansen</i>	<i>leiar</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Gunn Marit Helgesen</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Thorleif Vikre</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Lise Wiik</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Olav Urbø</i>	<i>medlem</i>	<i>Tokke kommune</i>
<b>Vara medlemmar:</b>		
<i>For Terje Riis Johansen</i>	<i>Sigbjørn Molvik</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Gunn Marit Helgesen</i>	<i>Kristian Espeland</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Thorleif Vikre</i>	<i>Johan Tønnes Løchstøer</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Lise Wiik</i>	<i>Christian Tynning Bjørnø</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Olav Urbø</i>	<i>Olav Tho</i>	<i>Hjartdal kommune</i>



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 2.2. Dagleg leiar/sekretær:

Terje Bakka

## 2.3. Revisor:

Telemark kommunerevisjon IKS

## 2.4. Regnskapsfører

Telemark Fylkeskommune, Økonomiseksjon.

## 3. STYRETS ARBEID

Styret har i 2011 behandla 44 saker i 7 forskjellige styremøte.

Til det fyrste styremøte i 2011 hadde rådmannen i Telemark Fylkeskommune lagt fram forslag om at TUF skulle verke som et ordinært politisk utval i fylkeskommunen og rådmann skulle være sekretariat.

Eit samla styre ville ikkje akseptere forslaget, styret i TUF skal i samsvar med intensjonar og vedtekter fungere som eit sjølvstendig styre og ha eit sekretariat som skal arbeide direkte for styret i TUF.

## 4. LØYVINGAR GITT AV STYRET I 2011

### 4.1. Regionalt samarbeid i kraftkommunane

Løyvinga er på kr 2.670.000 årleg og er ein del av vedtektene fastsatt for TUF. Det årlege beløpet skal indeksregulerast med basis i 2011.

I samsvar med vedtektene skal fondet dekkje ein del (50%)

Beløpet fordeler seg på følgende:

Vest Telemark Rådet	kr 2.010.000.-	75,3 %
Tinn Kommune	kr 425.040.-	15,9 %
Hjartdal Kommune	kr 234.960.-	8,8 %



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 4.2. Tiltak som fylkeskommunen tidlegare har støtta årleg

Telemark fylkeskommune fekk tilført betydelege midlar frå den gamle avtalen om fordeling av overskott frå sal av konsesjonskraft.

Intensjonen til fylkeskommunen var at nokre av løyvingane skulle overtakas av TUF, det gjaldt særleg tiltak til som kan definerast i samsvar med vedtektene.

Fondet bidrar til forutsigbar og stabil driftsfinansiering av tiltak av stor historisk, kulturell og næringsmessig verdi og betydning for Telemark, men som ikkje inngår som fylkeskommunens lovpålagte oppgåver.

Fylgjande tiltak er gitt løyving til og med året 2015. Beløpet som er gitt i 2011 skal indeksregulerast kvart år med basis i 2011.

1. Driftstilskott Telemarkskanalen	kr 2.600.000,-
2. Tilskott til sluseavgifter Telemarkskanalen	kr 1.300.000,-
3. Regionalpark Telemarkskanalen	kr 900.000,-
4. Telemark Interkommunale Næringsfond	kr 3.201.800,-
5. Geoparken Telemark	kr 1.191.000,-
<b>Sum</b>	<b>kr 9.192.800,-</b>

## 4.3. Løyvingar til Telemark Fylkeskommune

1. Regionale planprosessar	kr 400.000,-
2. Marknadsføring av Telemark	kr 2.000.000,-

Nær 100 % av beløpet marknadsføring av Telemark er tilført Telemarksreiser for kampanjeaktivitetar i det Norske og utanlandske marknaden.

## 4.4. Telemark 2.0

Telemark 2.0 er eit bedriftsnettverk for føretak lokalisert i Morgedal, Vierli og Gaustatoppen. Tanken bak prosjektet er å auke aktiviteten for dei nemnde stadene samt skape merksemd om Telemark som turistfylke. Det er løyvd totalt kr 2.500.000,- totalt til prosjektet.

Dette beløpet er fordela på fylgjande delprosjekt:

Delprosjekt 1 av Telemark 2.0 Visuell design og markedsintroduksjon	Kr 600 000
Delprosjekt 2 av Telemark 2.0 Internasjonalt skileikting og arrangementsutvikling	Kr 400 000
Delprosjekt 3 av Telemark 2.0 Opparbeidelse av Sondre løypa	Kr 800 000
Delprosjekt 4 av Telemark 2.0 Utstilling Norsk Skieventyr	Kr 400 000
Delprosjekt 5 av Telemark 2.0 Opplæringscenter	Kr 300 000

Telemark 2.0 konseptet har fått stor merksemd, mellom anna var ein av initiativtakarane frå Telemark 2.0 invitert til å fortelje om prosjektet på designdagane 2012.

Styret reknar med at Telemark 2.0 vil bli eit større nettverk for nokre spyspissar i Telemark i åra som kjem.



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 4.5. Telemarks historie

Det er løyvd totalt kr 5.000.000,- til prosjektet å skrive Telemark si historie. Løyvinga blir utbetalt i tre like delar over åra 2011,2012 og 2013.

Det er Høgskulen i Telemark og Telemark Fylkeskommune som er prosjekteigarar.

Telemark er ein av få fylke som ikkje har skrive ned si eiga historie. Verket skal gjevast ut i bokform.

## 4.6. Kunstinstallasjonen Utkikkstårn i Seljord

Det er løyvd kr 900.000,- til dette prosjektet. Styret meinte at dette var eit prosjekt som ville vekke oppsikt og gi Seljord og Telemark stor merksemd.

Kunstinstallasjonen har fått stor merksemd i både nasjonale og internasjonale media langt utover det ein kunne håpe. Denne installasjonen vil etter styrets syn være med på å skape eit stoppepunkt i Seljord som heile regionen vil nytte godt av.

## 4.7. Vest Telemark Museum

Det er løyvd kr 750.000,- til Vest Telemark Museum, løyvinga blei gjeven for å dekke opp delar av meirforbruket ved nybygget til Vest Telemark Museum. Det var gode grunnar til at byggekostnadane vart større enn planlagt og budsjettert for prosjektet.

## 4.8. Krossobanen aktivitetssenter

Det er løyvd kr 2.000.000,- til prosjektet Krossobanen aktivitetssenter. Utbygginga blir stor og det vil skape merksemd og auke trafikk til område.

Tinn kommune har løyvd kr 11.000.000,- og det er søkt Telemark Fylkeskommune om kr 2.000.000,- til prosjektet.

I dette prosjektet ser ein prov på det samarbeidet om finansiering av større prosjekt som regionane vil ha stor nytte av.

## 4.9. Rec Wafer Norway AS

Det vart løyvd kr 6.400.000,- til eit miljøprosjekt ved Rec, det vart sett klare krav til Rec om at dei måtte garantere produksjon i minst tre år ved Herøya. Denne garantien blei ikkje gjeven tilfredsstillande nok. Beløpet er ikkje utbetalt, nå er det vedteke at produksjonen skal leggjast ned og dermed vil det ikkje bli nokon utbetaling til Rec.

## 4.10. Telemark som olympisk øving

Det er signera ei avtale med Norge Skiforbund Telemark som varer til 30.06.2018. Føremålet med avtale er å få Telemark inn som eigen olympisk øving. Planen er at dette skal være vedteke innan 2018. Avtala er deila opp i fleire element både sportslege og administrative.

Det er skiforbundet som sjølv har ansvaret for planlegging og gjennomføring av nødvendige tiltak for å nå dette målet.



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

TUF vil bruke mykje tid på å følgje opp denne avtala.

Styret er av den meining at dette vil skape stor interesse for Telemark og være til stor nytte i arbeidet med å profilere Telemark som eit attraktivt sted for arbeid, busetnad og reiseliv.

## 4.11. Bedriftshistorisk samling Notodden

Det er løyvd kr 2.000.000 til dette prosjektet. Bedriftshistorisk samling er planlagt flytt frå gamle Hydros Industripark til Telemarksgalleriet på Tinfos.

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom anna med Hydro, Hydro vil legge til rette for at Hydros unike kunstsamling kan bli vist i dette miljøet. Det er Norsk Industriarbeidermuseum som er tenkt skal ha driftsansvaret for prosjektet.

## 4.12. Mindre løyvingar for 2011

Det er gjeve ei rekke løyvingar av mindre størrelsar i 2011, desse er:

Mottakar	Beskriving	Beløp
Søftestad Gruber	Støtte til rehabilitering, museum	Kr 210.000
Aktiv Lek, Skreosen	Støtte til etablering av bedrift på Skreosen	Kr 500.000
Rjukan Næringsutvikling	Forprosjekt for vurdering av å etablere eige prosjekt Telemark som eigen Olympisk øving	Kr 250.000
Heddal IL	Støtte til Heddal aktivitetspark etter skade under uvær.	Kr 350.000
Telemarkskanalens Skipsseslskap	Støtte til marknadsføring og opplag Henrik Ibsen i Oslo	Kr 300.000
Svartdal Grendelag	Bygging av varmestove	Kr 45.000
Flatdal Idrettslag	Kjøp av spormaskin	Kr 20.000
Sogelandet	Prosjekt for vurdering av forteljar kunst	Kr 30.000
Diakon i Vest Telamark	Prosjekt å vandre med håp	Kr 10.000
Telemark Fylkeskommune	Del av søknad om Wakeboard VM	Kr 50.000
Magnus Krog	Sponsormidlar	Kr 50.000



# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 4.13. Løyvingar gitt i 2011 belastas frå 2012 inntekter

### 4.13.1. Bok og Blueshus Notodden

Det er løyvd totalt kr 15.000.000,- til Bok og Blues hus på Notodden. Løyvingane vil bli betalt ut over tre år 2012, 2013 og 2014.

### 4.13.2. Kragerø Kunstskele

Det er løyvd kr 7.000.000- til Kragerø Kommune for etablering av eigen kunstskele i Kragerø, løyvinga vil bli betalt ut i 2012.

## 5. ØKONOMI

Rekneskapan syner at TUF er tilført kr 40.550.960 i overskott frå sal av konsesjonskraft. Etter at rekneskapan er avslutta syner det seg at den totale overføringa frå konsesjonskraft at TUF sin del blir kr 43.200.000.287,-. Denne differansen blir tillagt rekneskapan for 2012.

Eit samandrag av rekneskapan syner fylgjande tal:

	Noter	Regnskap 2011	Budsjett
<b>Driftsinntekter</b>			
Overføringer fra Konsesjonskraftstyret i Telemark		40 550 960	37 000 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>40 550 960</b>	<b>37 000 000</b>
<b>Driftsutgifter</b>			
Lønn, styrehonorar, reisekostnader	1,3	543 390	0
Sosiale utgifter		92 846	0
Adminstrasjonskostader		114 526	1 500 000
Bevilgninger til tiltak for 2011	2	33 294 477	35 500 000
<b>Sum driftsutgifter</b>		<b>34 045 240</b>	<b>37 000 000</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>6 505 721</b>	<b>0</b>
<b>Finansinntekter</b>			
Renteinntekter		209 000	0
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>		<b>209 000</b>	<b>0</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>		<b>209 000</b>	<b>0</b>
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>6 714 721</b>	<b>0</b>

Overskottet blir tilført midlar til fordeling i 2012.





# TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

## 6. BUDSJETT 2012

For 2012 har styret totalt fylgjande til fordeling:

Berekna overskott frå Konesjonskraft for 2012	Kr 38.650.000,-
Overført frå 2011 ikkje tildela midlar	<u>Kr 13.114.000,-</u>
Sum til utbetaling	Kr 51.764.000,-
Fordela gjennom vedtak frå 2011	Kr 30.252.582,-
<b>Rest til løyvingar i 2012</b>	<b>Kr 21.511.838,-</b>

Det er då tatt omsyn til at det ikkje blir nokon utbetaling til Rec Wafer Norway.

## 7. HONORAR – LØN

For året 2011 er betalt fylgjande i honorar og løn.

Styrehonorar	Kr 230.000,-
Løn dagleg leiar	Kr 292.435,-
Honorar revisor	Kr 0,-

## 8. ETISKE RETNINGSLINER

Telemark Utviklingsfond arbeider etter dei same etiske retningslinene som Telemark Fylkeskommune.

  
Terje Riis Johansen  
Styreleir


  
Thorleif Vikre  
Styremedlem

  
Olav Urbø  
Styremedlem

Skien den 31.12.2011/ 15.05.2012

  
Gunn Marit Helgesen  
Styremedlem

  
Lise Wiik  
Styremedlem

  
Terje Bakka  
Dagleg leiar